



**Det er gjort eit stort ryddearbeid på innmarka på ytre Rød.
Hallvard Rød ergrunneigar og Tor Ove Rød har
i ledige økter fjerna kratt og skog.**

Dette gjer at nytt landskap kjem fram på eit stort areal ned mot sjøen og Storsund.

Nytt er det og at Bøkkerverkstaden kjem til syne frå riksvegen.
Strandsona er rydda og bålplassen på Bøkkerveldane vert lett synleg.

I ei tid med mykje attgroing er det her utført
eit verdfullt arbeid med vegetasjonspleie, mellom
anna for å få fram natur- og kulturlandskapet på Rød.

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Foto: Ola Matti Mathisen